



## Referat frå elevrådsmøte 19.01.2016

Desse møtte ikkje: 7 A og B, 4 B og 2A Og B

**Nytt og godt:** Her klarte ingen «hoste» opp noko denne gongen. Trist. Klassane må fokusere på positive ting, slik at det kan meldast tilbake til elevråd.

### Saker:

**1. Godkjenning av referat.** Godkjend med ein tilleggskommentar til sak 5.

Grensen gjeld for 1,2 og 3. klasse. Dei skal ikkje forbi leikeplassen. 4. klasse skal jo til ballbinga, så dei må nesten få gå der.

Det er spørsmål om dei kan vere der med fadrane sine. Vi blei einige om at fadrane må gå til dei i friminutta. Det vert annleis når fadrane har eigne opplegg med 1. og 2. klassingane.

**2. Oppfølging av saker:**

Vi har før bestemt at vi skal skrive brev og søknader om diverse. Dette må nokon ta ansvar for. Vi tek det opp i neste møte.

**3. Saker frå klassane:**

1. 6. klasse ønskjer seg firkanta pulter det er lett å lage gruppebord av.

Vi snakkar med rektor om det finst slike.

2. Vi treng ein skrivar. Ein som kan ta ansvar for det. Vi tek det opp att på neste møte når vi er fleire.

3. Det var lite varmt vatn på kjøkkenet måndag. Må gjerast noko med.

4. Gullkosten for januar: 2 klassar tek seg av registreringa av garderober og doar neste veke 2 gongar. Veka etter er det 2 nye klassar. Kari lagar skjema. Vi bestemte kven.

**4. Haldningsmål og trivsel på skulen.**

Det er kome inn framlegg om å vere ærlege som neste haldningsmål. Kva tenkjer elevrådet om det. Det vart snakk om kva det inneber å seie sanninga. Elevrådet gjekk for dette målet. Alle vil gjerne teikne til.

**5. Informasjon og påkomne saker.**